



Arkivnr: 2019/13468-2

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		30.08.2019

TV-aksjonen 2019 - søknad om økonomisk støtte

Samandrag

Fylkesrådmannen gjer framlegg om å løyve kr 100 000 som tilskot til TV-aksjonen 2019

Økonomi: Liten påverknad

Klima: -

Folkehelse: Kan gje eit positivt bidrag i landa der tiltak vert sett i verk.

Regional planstrategi: -

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet løyver kr 100 000 som tilskot til TV-aksjonen 2019.

Budsjettet vert endra slik:

14700. 120 930 00	Ymse tilskot	+ 100 000
14900. 720 200 00	Til rådvelde for tilleggsløyvingar	- 100 000

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Nils Egil Vetlesand
kst. fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 17.07.2019

Fylkesaksjonsleiaren for TV-aksjonen 2019 skriv mellom anna slik i brev av 25.06.2019:

«Fyrst og fremst vil eg takka Hordaland Fylkeskommune for stønad til TV-aksjonen NRK i fjor. Samarbeidet med fylkeskommunen er ein lang tradisjon, og er avgjerande i mobiliseringa av innbyggjarane til bøssebering på aksjonsdagen, som i år er 20. oktober. Over 98 prosent av kommunane og fylka i Noreg bidrog til TV-aksjonen i fjor. Eg håpar at Hordaland Fylkeskommune også i år vil støtta TV-aksjonen NRK CARE.

TV-aksjonen går i år til arbeidet CARE gjer for å skapa eit betre liv for kvinner i nokre av verdas mest sårbare område.

TV-aksjonen skal gje 400 000 kvinner moglegheit til å tena sine egne pengar, bestemma over eigen kropp og få si røyst høyrte i samfunnet. TV-aksjonsmidlane går til arbeidet CARE har i Mali, Niger, DR Kongo, Burundi, Rwanda, Palestina, Jordan, Afghanistan og Myanmar.

TV-aksjonen skal gje kvinner eit betre liv, gje dei høve til å skapa sin eigen arbeidsplass, sin eigen inntekt og til engasjement og deltaking i politikk og i lokalsamfunnet. Dette skapar ringverknadar for meir enn 1,5 millionar menneske.»

Fylkeskommunen har lang tradisjon for å gje tilskot til TV-aksjonen.

Fylkesrådmannen gjer framlegg om å løyve kr 100 000 frå tilleggslovyvingskontoen – same beløp som til TV-aksjonen i 2018.